



Saksliste og referat SU-SMU

Vest-Telemark vidaregåande skule

Skuleår: 2022-23

Møtedato: 25. Januar 23

Roller i SU-SMU	Namn
Leiar (elev)	Åshild Austjore Våle (2BAUA)
Nestleiar (elev)	Thea Mercedes Kåsin Finsveen (2HEAA)
Andre elevrepresentantar	Ragnhild Berge (2BAUA) Mari Årlid (2HEAA) Halvor Slåtta (3PBA) (Halvor Sanden Brenne (2TEKA) - (forfall))
Rektor/skuleleiarrepresentant	Siv Reidun Eide
Tilsettrepresentant(ar)	Knut Magne Momrak (kom kl. 10.00)
Skuleeigarrepresentant	Inger Elisabeth Borge
Representant skulehelsetenesta	Anne Midtgarden (Forfall)

Referat skal bli ført frå alle møte i SU-SMU.

Saksliste og referat skal lagrast med skulen sitt namn og møtedato i kanalen Referat og informasjon i Teamet OF-SU-SMU. Frist: Seinast 1 veke etter møtedato.

I referatet skal det kome tydeleg fram kven som får ansvar for å følge opp ei sak, med tidsfrist.

Jf. rutinen har rektor ansvar for at saksliste og referat også blir gjort tilgjengeleg på heimesida til skulen.

Til stades:		
Saksnr.	Saksliste	Referat med ansvar og fristar
SMU-saker (saker som handlar om læringsmiljø)		
Fast sak 07/-22-23	Rektor informerer om oppfølging av saker frå førre møte, korleis er innspela frå SU-SMU følgde opp?	<p>Tiltak for godt skulemiljø:</p> <p>Bruk av gym-sal: Heng saman med å få ein ungdomskontakt, eller at elevane sjølve får til ei organisering. Gode planar på sikt, men akkurat no litt utfordrande</p> <p>Hybelmiddag: Avventar kostgruppa og at den skal komme i gang</p> <p>Hybelkontakt/Moen gard: Me avventar prosjektet med Moen gard</p> <p>Elevrådet sin kontakt med Ungdomsarbeider i kommunen:</p> <p>Invitere på neste elevrådsmøte.</p> <p>Oppstart av kantinedrift etter sist møte: Kantina har starta opp sidan sist. Ein del meiningar kring tilbodet, og prosjektet sunn kantine. Ventar litt på kostgruppa. Kantina har forbetningspotensiale. Ofte litt tomt for mat. Kanskje det også er litt dyrt. Kva kan ein gjere for å få salaten litt billegare? Det er litt for mange som reiser på YX. Kanskje det fins ein mellomting. Lite utval. Rimelegare mat på slutten av dagen, og maten frå i går? Ulike opningstider er forvirrande. Det er viktig med ei positiv haldning til spørsmål og innspel.</p> <p>For å få med nokon i kostgruppa så kan ein tilby eit gratis måltid for kvart møte ein deltek i. Kanskje lettare viss det er fleire elevar, for eksempel 4?</p> <p>Elevrådet si drøfting kring meir nærvær av lærar/leing i fellesområde, og bruken av atriet: For elevane er det godt å ha kantina som sin plass, og det er ikkje noko behov for at lærarane sit der. Men kanskje eit planlagt opplegg, for eksempel ein gong i månaden. Utgangspunktet er at det kan vere positivt for miljøet at personalet også er del av kantinemiljøet, men kanskje nokon elevar då vil finne ein annan stad å vere. Kantina er litt fritidsområde</p> <p>Tilbakemeldingar etter oppstart:</p> <p>Undervisningsevaluering – rektor har tatt dette opp med pedagogane?</p> <p>Me ser på elevundersøkinga, og vurderer resultatata der i neste sak.</p> <p>Har det blitt avtalt meir elevrådsopplæring med Eline Momrak?</p> <p>Det er sendt førespurnad for litt sidan. Pr no er det ikkje avtalt noko meir.</p>

08 – 22/23	<p><u>Elevundersøkinga</u></p> <p>Resultata skal ha kome, me ser på tala og drøftar om det er område me må jobbe med framover.</p>	<p>Slik tala kjem frå UDIR så regarerer SMU kraftig på metoden som er nytta. Tala ligg opne for alle, og det skal ikkje mykje til for å skape spekulasjonar ut frå prikkresultata. Mellom anna gjer deling i VG1-2-3 til at det vert veldig gjennomsiiktig.</p> <p>SMU hadde mykje diskusjon, og kjem fram til at dette må me reagere på.</p> <p>SMU vurderer om skulen bør lage si eiga undersøking, i staden for å delta i elevundersøkinga.</p> <p>SMU vil formulere ei skriftleg klage til UDIR. Leiar av SMU, Elevrådet og Rektor tar eit møte der me formulerer eit brev til fylket og UDIR med våre innspel. Rektor kallar inn til møte.</p> <p>SMU diskuterte også om me skal kontakte andre skular som er små, for å vere fleire saman i klaga.</p>
09 – 22/23	<p><u>Endring av skuledagen?</u></p> <p>Politikarane har vedteke at det skal tilretteleggjast for betre skuleskyss for vekependlarar. Dette kan få konsekvensar for skuledagen vår.</p> <p>Kva tankar har elevane om skuledagen?</p>	<p>Hovudinnspel: Skal skuleskyss frå Nissedal komme seinare på måndag, så må skyss for alle elevar også komme til same tid. Dette fører til at ein får færre fritimar elles i veka.</p> <p>Kva med å sette opp bussruter som passsar sundag kveld. Betra bussruter her ville hjelpe.</p> <p>Ein bør også sjå på dei andre bussrutene, slik at dei går meir direkte. Slik at elevane slepp å byte buss og vente så mykje som ein i dag gjer. Det er ikkje berre Nissedalselevar som har utfordringar med skyss.</p> <p>Viktig at ein ser alle elevane under eitt. Viss ein set opp ein direktebuss frå Nissedal, så kan det godt hende at dei kan komme til skulen kl. 8.15? Men sjekke om år Nissedølane må reise frå der dei bur i heile Nissedal. Det kan hende at det vert for tideleg å stå opp måndagsmorgon or dei som bur lengst vekke. OBS; det kan hende det er endå meir populært å slutte tidleg på fredagane og få tidlegbuss for alle.</p> <p>SMU ynskjer at elevrådet (neste møte) skal få seie sitt. Mogleg at ein kan lage eit spørjeskjema (Forms) der alle elevane kan få svare på ulike alternativ?</p>
10 – 22/23	Ymse	<p>Ynskje om svingkurs – kan me få til dette? For kven og kor mange? Kan gym-lærarane greie å få til dette i alle klassar?</p> <p>Elevane meiner det er nyttig og bra å lære å danse. Dette drøftar ein i elevrådet før ynskjet går vidare.</p> <p>Ta emnet seksualundervisning opp i elevrådet. Kva ynskjer ein opplæring og kunnskap om?</p> <p>Det var veldig synd at me ikkje fekk den rusveka som var ynskt. Det er stort behov for å setje ulike emne på dagsorden; rus, kva som skjer på SOME, og også andre emne som pregar kvardagen til elevane. Dette etterlyser elevane sterkt. Denne veka må inn på planane før alt anna vert planlagt. Viktig at det er god kompetanse på dei som skal drive denne veka. KORUS er veldig flinke.</p>

		RocketMan er kjempebra (dei har fokus på å lage «hengestader»/fritidsarena – kva er alternativet til rus). Rektor set dette emnet også på dagsorden i Kvalitetsforum.
SU-saker (saker som handlar om det fysiske miljøet, meir administrative tema)		
02 -22/23	Ombygging Det vert gjort ombyggingsarbeid i fellesareala frå januar og utover. Informasjon og samtaler kring tilretteleggingar me må gjere i høve dette.	Rektor orienterte om planane for ombygging. Det vert ein del «rot» i ombyggingsperioden, men det er laga eit system med soner. Sonekartet og planen for kva som skjer når vert slått opp til informasjon. Målet er å vere ferdig til etter påske, men det kan dra ut i tid. Det vert minimalt med periodar der ein må gå ut og ikkje får gå gjennom døra til klasserommet ut i gangen. Dette vert det i tilfelle laga nøye planar for.